

Per-Arne Eidsvaag
Ulsberglia 17
5135 FLAKTVEIT

Dato: 23.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/381-2

Erstatningsbil på storbilløyve

Me viser til søknaden din om å ha erstatningsbil på storbilløyve R-936 sendt oss 20.01.2014. R-936 er et reserveløyve og bilen som er registrert på løyvet står no på verkstad med motorhavari. Dokumentasjon frå verkstad er lagt ved søknaden. Det er bekrefta frå verkstaden at bilen skal vere ferdig behandla 5. februar 2014.

Slik me forstår søknaden din søkjer du og om å få endra teksten på løyvedokumenta dine slik at du i framtida kan nytta liten bil på storbilløyva dersom ein av bilane er ute av drift. Fylkeskommunen gjev ikkje på generelt grunnlag tillating til å nytta liten bil på storbilløyve for eventuelle framtidige tilfelle av driftstans. Melding om bruk av erstatningsbil må skje i kvart einskild tilfelle når driftsstans er berekna til å vare i meir enn 1 veke. Etter slik melding kan løyvehavar nytta erstatningsbil på løyvet.

Det kan nyttast erstatningbil på R-936 frå d.d. til og med 5 februar 2014. Det er ikke krav til storleiken på erstatningbilen.

Dette brevet må leggjast saman med løyvedokumentet i tilfelle bilen vert stoppa i kontroll.

Rolf Rosenlund
Leiar

Gerd Eva Napsøy
Førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.